



Møtebok
IS Fjordvegen Rute 13
Styremøte 19.02.2014
Stad: Hotel Ullensvang, Lofthus
Klokka 09.00 -12.00

Møtte:

Arne Kleppa, Sigbjørn Hauge, Bjørn Laugaland, Einar Horvei, John Opdal (til klokka 10.30)
Anders Ryssdal, Gustav Løge Fosse og Marta Finden Halset.

Forfall: Per Kåre Foss

Sekretariatet: Leiv Vambheim, Trude Rinaldo og Hanne Sundbø frå Hardangerrådet.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste. Møtet er lovleg sett.

Saker til handsaming: Alle saker er samrøystes om ikkje anna er nemnt.

Meldingar:

Dagleg leiar la fram to meldingar som vart teke til vitande.

Sak 01/14 Konseptvalutgreiing KVV – Endring

Vedtak:

Styret i IS Fjordvegen Rute 13 har merka seg at ein KVV for Rv13 / Fv 13 er stansa av Samferdselsministaren. Selskapet sender brev til Samferdselsministaren med spørsmål om konsekvensane av dette med tanke på dei mange behova for utbygginga av Rv13/FV13. Selskapet ønskjer å vera deltakar i dei parsellvis prosjekta som er under planlegging og skal planleggjast for Rute 13.

Sak 02/14 Førebels Årsrekneskap 2013

Vedtak:

Framlegg til rekneskap for IS Fjordvegen Rute 13 er godkjent slik det ligg føre frå dagleg leiar.

Sak 03/14 Tiltaksplan Profilerings - Oppfølging

Vedtak:

Orienteringa vert teke til etterretning og drøftingane vert følgt opp av styremedlemmer og administrasjon etter fordeling av oppgåver.

Sak 04/14 Tiltaksplan Påverknadsarbeid – Status Fylkesvise tiltak – Drøfting

Vedtak:

Orienteringa vert teke til etterretning og drøftingane vert følgt opp av styremedlemmer og administrasjon etter fordeling av oppgåver.

Sak 05/14 Medlemsutvikling – Status og tiltak

Vedtak:

Styremedlemmene og Administrasjonen arbeider aktivt med medlemspleie og –verving etter fordeling av oppgåver.

Sak 06/14 Medlemskap i andre organisasjonar

Vedtak:

Styret ser konflikten mellom det prinsipielle og det praktiske i å vera medlemmer i andre organisasjonar og avventar vidare vurdering av dette.

Sak 07/14 Fast post:

Gjennomgang av status for Rute 13 ved styremedlemmene.

Rogaland:

Ryfast går sin gang – ny måte å frakta tunnelmassar på.

Sandfjord bru går sin gang.

Uavklarte forhold ved Rødsliane og Årdalstunnelen.

Hordaland:

Vangstunnelen er opna – noko restarbeid ferdig hausten 2014

Jobergstunnelen ventar på Stortingsvedtak i Vossapakko – Oppstart hausten 2014.

Deildo rassikring utsett til 2016

Sogn og Fjordane:

Vikafjellstunnel har lovnad frå FRP om å koma i gang med arbeidet i første del av planperioden og forventar aktivitet. Også S&F Fylkesting har støtta framskunding av Vikafjellstunnelen. Sjå Facebook: vikafjellstunnelen no

Rørvikfjellet er på 9 plass i RTP i S&F Fylkeskommune.

Fylkestinget har uttale på styrking av ferjesambandet Vangsnes/Dragsvik/Hella til 30 min

avgangar.

Møteplan for IS Fjordvegen Rute 13 i 2014 er slik:

Styremøte vår: Onsdag 19. februar, Onsdag 07.mai

Årsmøte: Tysdag 17. juni

Styremøte haust: Onsdag 24. september, onsdag 29.okt, onsdag 3.desember

Referent

Leiv Vambheim

Dagleg leiar